

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.09.2019

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp, H og V slikt forslag:

«Endring i punkt 2:

Hordaland fylkeskommune meiner likevel at vindmøller bør utviklast til havs, og er difor imot at det etablerast rammer for vindkraft på land i Hordaland fylke.»

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga med Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Hordaland fylkeskommune ser behovet for fornybar energi og er positiv til at det vert arbeidd med nasjonale rammer for vindkraft.
2. Hordaland fylkeskommune meiner likevel at vindmøller bør utviklast til havs, og er difor imot at det etablerast rammer for vindkraft på land i Hordaland fylke.
3. Hordaland fylkeskommune vil unngå sårbar natur og landskap for friluftsliv, reiseliv og kulturminne blir utsatt for vindkraftutbygging og dermed øydelagt for framtida.
4. Hordaland fylkeskommune krev alle areal i Hordaland blir tekne ut av nasjonal ramme for Vindkraft. Det er særskilt omfattande konfliktar knytt til planane, m.a. vedrørende regionale og nasjonale verdiar innan landskap, friluftsliv, naturmangfold, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv.
5. Den føreslalte Nasjonalramma for vindkraft frå NVE har vesentlege manglar i utgreiinga og Hordaland fylkeskommune kan ikkje akseptere premissar og metodar som er lagt til grunn i utgreiinga.